Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12 Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Utsira

Emne: Gamal Engkultur Bygdelag:

Oppskr. av: Thorolf Kvalvik Gard: Kvalvik

(adresse): Utsira G.nr. 31 Br.nr. 11.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ein nytta orda eng for den luti
av garden ein har til avling av höy.
Åkeren kjem so attåt, og medan
höy og åkervekster gror vert resten
av garden brukt til sumarbeite.
Teigar til uteslått vert det ikkje,
då alt som ligg utanfor er naud=
synleg til sumarbeite.
Det er ikkje vanleg å beite på
enga annan tid enn i håbeite
Orda attre og attersleie kjenner
ein og meiner det tyder på noko
som nyleg er attlagd - lagd om
på åker til eng. Om det siste
-attlegg - tilsådd Timoteifrø t.d.
segjer ein gjerne: Gjödsla Timoteien,
slå Timoteistykkje.
Ulike namn etter kvalitet for
enga veit ein ikkje om, men om
höyet segjer ein - grovhöy, tjukk=
höy og småhöy.
Det kan vera skurtorvslått jam=
vel om det ikkje er uteslått hjå oss,
og segjer ein då at det er tronge-

8554

vang-slått.

2. Rydjing på eng for be, kvist og lauv vert ein ikkje hefta med, men natursgjödsla som er kjörd og sprid utover kan ein stundom måtte rydje av. Til dette brukar ein vanleg höyriva - handriva - og rakar gjödsla saman i små „muer" som ein etterpå plukkar opp i kjersa og kjörer det so burt ein stad der det kan vera til nytte. Ein ser seg mon i det som gjödsel til poteter.

Oska brukar ein til gjödsel på eng, med den for å vera sers god, men i mengd monar den lite berre etter vanleg bruk av brensel i eit husvar.

Hjå oss er orda Kvod nyttje brukt i staden for gjödsel.

3. Eng som er vakse til av mose snur ein helst om til åker, elles er kvekkvelstoffet. Odda brukt som rödebot, men er det mest vanlege berre å la den gro utan serlege rödgjerder.

No er det vanleg at ein kjöper det grasfrø ein har bruk for, mens det gamalt var å bruka frø som samlar seg etter höya i höysvala - höystaden - i löa. Det kunne då vera brukt useinska som det var.

4. I eldre tid var helst lite gjort med å leida vatnet burt frå vassjuk myr eller annan jord.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Kultūren låg i å gjera seg nytte
av den jord som låg noko høgt til,
bakkar t. d. og elles jord som skråde-
e slik at vatnet naturleg seig frå.
Bra stell var no likevel den som
hadde ei myr, sjølv om den var
vassjuk. Brentorv var av stor
verd i gamle dagar, og var det vel
framleis om her hadde vore meir
att. Å turke myra ut gjorde den
mindre lagleg til brentorv.

Gamle dokument står framleis
ved lag at ein part som ikkje har
myr høveleg til brentorv, får rett
til torv etter tilvist stad hjå ein
annan.

Desse torv og moldsettar er etter
kvart lagt om til berre å gjelde
i utmarka, medan det før og
galdt heimebøen, og under siste
verdskrigen då brenselet var so
utrygg ~~og~~ vanskeleg vart det i
noko mon bruk å granske
gamle dokument etter mogeleg
torvrett.

Når ein no fyrst har nemnt
torv til brensel, kan ein helst ikkje
la vera å segja at med det uhorv-
elege bruk av dette gjennom manns
aldrar er det gjort ubotaleg skade
på jorda. Utmarka som det er
gått hardast utover er flådd for
mykje god jord, som der det ikkje
er fjell står det att ei vasshola
— torvskjera — til minne om det

8554

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

ein helst tykjer ille om.

Noko er no gjort for å leida vatnet burt frå vassjuk jord, men ventar framleis mykje på at alt er vellgjort. Typisk fiskarbygd som dette, er gardsdrift å sjå på noko ein har attåt, noko å ta til når det er landlege skuld uvêr, eller at det er skralt om fisk at drifta verd lite lönsam.

Ein treffer steinsette gröfter - holveiter - når ein plöyer gamal eng. Desse veitene kan vel vera lagd so omlag 3-4 generasjonar attende - gjerne lenger - men alt for grunnt lagd. Dette kjem kanskje mest av at jorda gjennom åra har minka eller at dei gamle meinte det ikkje var bra med veita gravi ned i leira. No grev ein veita ned ein meter og vel det i leira, og vonar at dei som lever omlag 3-4 generasjonar heretter ikkje får höve til klage ~~for~~ at same feilen er gjort no.

5. Vintergjödsla brukar ein fyrst og fremst på åkeren, det som då verd att får enga, men verd det likevel enga som får det meste avdi ein no har lite åker.

I gamle dagar var det omvendt, og etter måten helst mykje åker.

Gjödsel som dyra legg etter seg ute lar ein ligge der den er lagd.

Ueslegjödsla tykjer ein best om


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3. blad



til potetgjödsel, og sauemökk helst til vokstrar i annan åker, elles gjer ein ingen skilnad i natûrgjödsla.
Det er ikkje vanleg å rekna ei viss mengd lass til kvart engstykke.
6. Serskilde namn for eng gjödsla med vintergjödsel kjenner ein ikkje til.
7. Å setja hûsa slik med tanke på å få nytta av levda som seig or tunet er ûhöyrd. Heller ikkje höyrd om noko serskild namn på enga som får levda.
Der regnvatnet samen med sig frå ûthûsa lagar dam, grev ein gjerne ei lita greft - spretteveita - for å få dette burt og ûtover jorda.
I gamle dagar vart åkrane lagd til haugar og bakkar, ikkje for at sige frå dei skulde gjödsla enga neda=for, men fordi at der var turrast.
8. Som för sagt, har det vore og er framleis so at åkeren får natûrgjödsla framom enga, og kjörer ein den då ût om våren, at når buskapen vert lögst ût i beite er gjödselkjellaren tömd.
Den vanlege måten för var å gjödsla kornåkeren straks etter at den var tilsådd om våren.
Arbeidsmåten var då å bruka to hestar med kjerra til kvar, eller ein hest og to kjerrer. I gjödsel=kjellaren - Seteskuten - var det ein gjerne to mann som lessa

8554

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

på og ein mann kjörte. Å lessa på med brüka ein greip, medan den som kjörte brüka ei hakka – pikka – som han grov gjödsla or kjerra med på åkeren. ~~Her~~ – Hakka var laga som den ein no brükar til opptakk av poteter, men nokå mindre –.

På åkeren vart gjödsla sett i små müer som kvinfolka fekk ta sin törn i å spreide ütover. Var veien på kjellar til åker kort, kunne det jamt vera ein strid törn. ~~Var det at ein~~ Brükte ein to hestar og dreiv hart på, kunne det då vera to kvinner om arbeidet i å spreida ütover. Gjödselklumpane måtte knusast og spreidast pyntelig ütover, jamne i hjülsporа etter kjerra og passe nöye på at inkje åkeren sume stader fekk meir enn mykje av gjödsla og andre stader lite og inkje.

Som i alt arbeid kvinna har for seg, måtte dette og gjerast snögt, greide ho å spreide ütover like rakst som den so kjörte vart ein velläte å få höyra, greide ho dette og jamsides med – medan ho venta på nytt lass – å spöta aldri so mange par sokkar og lübber gjenk loverda vida!

Brekletjüva var reidskapet som kvinna brükte å spreide –



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4. blad breie – gjödsla utover med. Den var på det nermaste lik ein höygaffel, var lett og hadde tri eller fira tongar.

Denne arbeidsmåten at kvinna var med å spreide gjödsla er avlagd, mannen som kjörer spreid er utover med greipa han bruk ar å lessa på med. Men det er då ikkje meir enn pålag tretifem til förti år sidan at skikken med kvinnehjelp i gjödselspreid ing på åkeren vart slutt, og den som skriv dette torer påstå at det var han som braut denne skikken.

Det kan vel vera omlag femti fem år sidan no at far saman med granne kjöpte seg horv til å riskjöre gjödsla på enga med.
Var her då nokon av det slage för, var det sikkert ikkje mange för til same teneste var det för brukt greip.
9. Det er no helst berre i håa at ein let buskapen beite på slått eng. Untatt frå regel kan ein måtte ta om ein om våren ikkje har höy nok til inneforing, men vert det ikkje gjort med hensigt på å få enga gjödsla i samband med beitinga. Ein reknar med at beiting på slåtteeng om våren gjer meir skade enn gagn.
Engstykkjer som aldri vert beita


8554

på, har ein ikkje, heller inga ing ein gjer skilnad på i beiting haust og vår.

10. Det er gammalt og framleis brukt å beite på all ing, noko var= som er ein fe med nytt attlegg, for sterk beiting der kan lett gjera skade om molda er sesleg laus.

11. Noko reidskap å jamne utover gjödla med etter dyra i beite har ein ikkje. Dei nemnde namn på den slags reidskap har ein ikkje höyrd om. Slåtteeng som det ikkje vert kjörd naturgjödsel på og ikkje turvande ~~for~~ med riskjöring, men ~~som der~~ likevel kan vera gjödselmuer etter beiting, slår ein desse muene utover anten med greip eller riva.

12. Sumarfjös har ein ikkje. Er veret godt ligg ein dyra ute, er det dårleg eller mindre godt, fekk ein dei heim i vinterfjosen.

13. Alle sumarbeite er innhegna, og det mest vanlege gjerde er då stein. I desse innhegningane går dyra lause, og ser seg gjerne om etter ein lun stad for natterо.

Her er buskapen jamt over liten og vert då overalt melka - molka - med hand, anten dyra er inne eller ute. Vanskar med å få kjyra - kjydne - å stå i stille ~~ute~~ medan mjelkinga står på, har ein skjeldan.

Desse innhegningane brukt til sumarbeite kallar ein gjerne so,



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Brukt er det og å kolla dei for stöl eller bø. Kva meining der ligg i det siste er ukläst.

14. Å flytta gjerde frå stad til stad er ikkje brukt, steingjerde er varande og beita det same.

15. Dyr som gjer beiting utrygg for buskapen ute er ein ikkje plaga med, einast kan vera krötta som pröver seg på smålom med same dei kjem til. Når ein sau får to eller fleire lom, ser krötta sitt snitt i å gå til åtak på det fyrste medan sauen strevar med å få det andre. Lukkast det då ^(for) ^(ho) å hakka auge=ne ut, er fyrste lammet hennar fanget.

16. Noko vakthald for udyr har aldri vore naudsynt.

17. Gjetar til vakthald om buskap=en har ein aldri havt og er heller ikkje dette naudsynt.

18. Saufjos på hjul å flytta ut=over for å få marka gjödsla er heilt ukjent.

19. Av nemnde ord eller Ivar Åsens ordbok kjenner ein berre til ordet fåg - fåje - Foye, ikkje som stad=namn men eit sau - fåulina.

20. Sæter med sætervoll har ein ikkje.

21. Fiskeavfall kan i nokko mon vesta nytta til gjödsel på eng, men er det ikkje sett högar i verde enn at det som jamnast vert kasta på havet. Heller ikkje er tang



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

sett stort verde på som gjödsel, men er det godt truleg dei i gamle dagar sette mein og stor pris på böe desse ting enn no med höve til kjöp av att det kunst=gjödsel ein treng.

Som sagt er både fiskeavfall, tang og tare i notta mom brukt som gjödsel, og att spreides då utover marka som det er. Fiskeavfallet gjer då fuglane seg mykje tilgode av, medan tangen og taren får ligge og til fulle mad gjera det gagn dei er god for.

8554

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. 12. fiskebein, kumøkk

Herad: Utsira

Emne: ~~Gamal engkultur~~

Bygdelag:

Oppskr. av: Thorolf Kvalevik

Gard: Kvalevik

(adresse): Utsira

G.nr. 31 Br.nr. 11.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I ei fiskarbygd som dette er, veit ein då likevel ikkje om at fiskebein eller fiskehovud er brukt til brensel.
Heller ikkje er kumøk bruka til brensel.

8657

kr. 1.-